



Bergen, 1/12- 2017

Til Fylkesdirektør opplæring i Hordaland fylkeskommune

Søknad om vidareføring av 3-årig løp Helse- og oppvekst med generell studiekompetanse ved Nordahl Grieg vgs

Med bakgrunn i ny ordning om fleksibilitet i fag- og timefordeling i vidaregåande opplæring, gjeldande frå 1/8 – 2015 (<http://www.udir.no/Regelverk/Finn-regelverk-for-opplaring/Finn-regelverk-etter-tema/Innhold-i-opplaringen/veiledning-fleksibilitet-i-fag--og-timefordeling/1/#a1.1>), søkte Nordahl Grieg vgs i fjor om å innføre 3-årig løp med Helse- og oppvekstfag som studieførebuande område. Dette vart innvilga og vi har allereie svært gode erfaringar med studietilbodet samtidig som innsøkinga til Helse- og oppvekst yrkesfag vart oppretthalde. Det nye løpet skal ikkje erstatte det eksisterande yrkesfaglege løpet, men vere eit supplement til dette. Kombinasjonen av Helse- og oppvekst (HO) yrkesfag og HO som studieførebuande løp ser vi på som styrkande for begge tilboda og dette er også vår erfaring så langt.

Denne søknaden gjeld tilbodet med oppstart skuleåret 2018-2019.

Bakgrunn

Erfaringa ved skulen viser at eit stort fleirtal av elevane på Helse- og oppvekst (HO) vel Påbygg etter vg2. Dei fleste uttrykkjer at dei allereie frå skulestart vg1 har bestemt seg for dette. Målet for mange av dei er å gå vidare på universitets – eller høgskuleutdanning innan helse- eller oppvekstsektorane. Påbygg er eit krevande teoretisk tilbod og erfaringa er at fleire av desse elevene slit med å gjennomføre med tilfredsstillande resultat. Ved å innføre eit treårig løp der fellesfaga frå Påbygg er integrert og der dei teoretiske utfordringane er

fordelt på tre år vil vi gjere utdanningsløpet lettare, gje elevane større meistring og bidra til høgare grad av gjennomføring.

Ved innføring av dette tilbodet ynskjer skulen også å ta eit samfunnsansvar i høve rekruttering til helse- og oppvekstrelaterte utdanningar for å imøtekome framtidene sine behov for både fagarbeidrarar og høgskuleutdanna arbeidrarar innan desse kategoriane. Ei bekymring har vore at det nye tilbodet vil kunne gå ut over rekruttering til det yrkesfaglege løpet. Undersøkingar vi har gjort frå skular andre stadar i landet der dette tilbodet er innført viser imidlertid at rekrutteringa til både yrkesfag (YF) og HO studieførebuande har auka markant (jfr Re vgs i Vestfold.) Det ser med andre ord ut til innføringa av nytt tilbod aukar interesse, status og omdømme for HO generelt, også YF.

Innføring av HO som studieførebuande vil etter tre år gje elevane studiekompetanse samstundes som dei vil ha ein praktisk og variert tilnærming til faga. Dette vil kunne inkludere mange elevar som treng denne tilnærminga for å få modning til vidare studiar. Med dette vil praksis ute i bedrift (PTF) kunne fordelast gjennom heile studieløpet. Med vektlegging av praksis på vg3 vil elevane på ein god måte kunne anvende oppnådd kunnskap på ein relevant måte og både inspirere og gje eit godt grunnlag for vidare studiar.

Vi meinar også at ein slik modell vil passe svært godt på Nordahl Grieg vgs fordi vi har studiespesialiserande. Dette vil utvide det studiespesialiserande tilbodet og fagleg sett gje mange gode synergieffektar. Det vil vere eit godt tiltak for å ivareta dei viktige fleirfaglege områda som Ludvigsenutvalget sin rapport «Fremtidens skole» vektlegg tungt. Dette er berekraftig utvikling, det fleirkulturelle samfunnet og ikkje minst folkehelse og livsmeistring. Desse perspektiva vil med HO som studieførebuande løp kunne ivaretakast på ein endå betre måte og gje meir høve til fleirfagleg samarbeid og dybdelæring på desse områda. Ikkje minst vil fagperspektiva folkehelse og velferdsteknologi kunne utviklast i samarbeid med programfag som IT og Teknologi- og forskningslære (TOF.)

Ein annan og viktig inngang er å auke dei faglege moglegitene for døve og høyrselshemma. Nordahl Grieg har her eit spesielt ansvar for å gje eit variert tilbod innan mange samfunnsområder, og dette vil vere eit viktig tiltak innanfor sektorar som treng eit stort mangfold av arbeidstakrarar i framtidene.

Vi vonar med dette initiativet å gje Hordaland Fylkeskommune eit endå bedre fagtilbod som vi trur vil vere ettertrakta og etterspurt i framtida.

Modellen

HO som studieførebuande (HO ST) vil ikkje vere ein konkurrent til HO YF. Som nevnt viser erfaring at rekruttering til begge studieløpa aukar med innføring av den nye modellen. Dette tilbodet vil altså vere eit supplement. Det vil også seie at vi ynskjer å satse vidare på eit godt yrkesfagleg løp og vi ser moglegheitane for å kunne kombinere desse tilboda. Det vil for eksempel vere mogleg å gå over frå HO ST til HO YF etter vg1 dersom noko ombestemmer seg. Det vil også vere mogleg å gå ut i læretid etter vg3 på HO ST og på denne måten ta eit fagbrev og kanskje jobbe nokre år innan fagfeltet før ein eventuelt tek vidare utdanning. Vi ynskjer å gje fleksible løysingar som legg til rette for rekruttering av flest moglege helse- og oppvekstarbeidarar for framtida.

Det vanlege ved denne studieretninga er at klassestorleiken er som på YF, altså 15 elevar i kvar klasse. Vi ser for oss eit tal på 15 elevar i programfag og inntil 30 elevar i fellesfag. Dette spørsmålet vil vi imidlertid kome attende til.

Ynskjet er å kunne vidareføre tilbodet slik at vi får inn 2 nye vg1-klassar samstundes som vi fylgjer opp med vg2 neste skuleår:

1. 2 vg1-klassar a 15 elevar på HO YF (yrkesfag)
2. 2 vg2-klassar på HO YF: Barne- og ungdomsarbeid (BUA, 15 elevar) og Helsearbeidararfag (HEA, 15 elevar)
3. To klassar på HO ST på kvart trinn over tre år. Fagtilbodet på HO ST vg1 vil då vere ei generell tilnærming innan helse- og oppvekstfag. Etter vg1 skal elevane velgje retning, enten BUA eller HEA. Dette betyr at for skuleåret 2018-2019 vert det to nye klassar a 15 elevar på vg1 HO ST og 2 klassar a 15 elevar på vg2 HO ST (den eine av desse er BUA, den andre er HEA.)

Årstrinn	HO studieførebuande		HO yrkesfag	
Vg1	Klasse 1 Generelt	Klasse 2 Generelt	Klasse 1 Generelt	Klasse 2 Generelt
Vg2	Klasse 1 BUA	Klasse 2 HEA	Klasse 1 BUA	Klasse 2 HEA
Vg3/ fagbrev	Klasse 1 BUA	Klasse 2 HEA	Læretid i bedrift	
Fagbrev	Læretid i bedrift		Læretid i bedrift	
Fagbrev/ påbygg	Læretid i bedrift		På annan skule	

Modellen viser skuleløpet innanfor HO yrkesfag og HO studieførebuande ved NGV når tilbodet er fullt utbygd skuleåret 2019-2020.

Fag- og timefordeling

Etter vårt skjøn er fag- og timefordelinga i tråd med gjeldane regelverk, men dersom det skulle vere noko feil vil vi sjølvsgåt justere dette. Faga er lagt slik at det skal vere mogleg å gå over til YF etter vg1 (illustrert ved pil i tabellen over.) Vi ser det også som ein fordel å legge så mange timer til YFF på vg3 som vist i tabell. Då vil dei på ein god måte kunne anvende lært teori på praksisområdet. YFF kan dei to første åra leggast som konsentrert praksis over kortare tidsperiodar.

Vi ynskjer å gjøre ei endring på fag- og timefordelinga for skuleåret 2018-2019 i høve inneverande år. Dette gjeld i faga matematikk og samfunnsfag:

I noverande modell er elevane låst til løpet 1YP og 2YP, og klassen er ei eining som ikkje kan samarbeide med andre klassar. 1YP gjev ikkje grunnlag for å ta programfag i matematikk, om elevane ynskjer det.

Denne elevgruppa har gode føresetnader for å velge ein meir avansert matematikk, noko som igjen vil vere ein fordel i vidare studiar. Det er derfor ynskjeleg at tilbodet vert endra slik at dei får same moglekeit som elevar på STUSP og MEMOK, og kan få eit reelt val mellom 1P og 1T, og på VG2 mellom 2P, S1 og R1. Elevane vil då få undervisning parallelt med dei andre elevane på VG1, med fordelar for gruppeval, lærarsamarbeid og fleirfagleg vinkling av lærestoffet.

Ved å endre på timefordelinga på matematikk er det mogleg å legge eit fellesfag som i inneverande års modell ligg på vg3 over til vg2 slik at fagfordelinga på heile løpet vert endå enklare totalt sett. Derfor ynskjer vi å flytte samfunnsfag frå vg3 til vg2. Då tek vi også eit eksamensfag vekk frå vg3. Dette er ein fordel då det er på vg3 den største eksamensbelastninga allereie ligg. Dei nemnde endringane fører også til jamnare fordeling av timar på dei 3 trinna.

Fag HEA	Vg1	Vg2	Vg3	Fag BUA	Vg1	Vg2	Vg3
Helsefremmende arbeid	7	7	0	Helsefremmende arbeid	7	5	0
Kommunikasjon og samhandling	5	5	0	Kommunikasjon og samhandling	5	5	0
Yrkesutøving	5	0	5	Yrkesutøving	5	0	7
Norsk	4	4	6	Norsk	4	4	6
Naturfag	0	5	0	Naturfag	0	5	0
Matematikk	5	3	0	Matematikk	5	3	0
Engelsk	0	5	0	Engelsk	0	5	0
Yrkesfagleg fordjupning (YFF)	6	0	9	Yrkesfagleg fordjupning (YFF)	6	0	9
Kroppsoving	2	2	2	Kroppsoving	2	2	2
Samfunnsfag	0	3	0	Samfunnsfag	0	3	0
Historie	0	0	5	Historie	0	0	5
Valgt programfag ST	0	0	5	Valgt programfag ST	0	0	5
Totalt antall timar	34	34	32	Totalt antall timar	34	32	34

Modellen viser fag- og timefordeling 2018-2019 for HO studieførebuande ved NGV

Eksamens

Eksamens vg 1:

- Matematikk skriftlig / munnleg trekkfag (vg1 – nivå)

Eksamensordning:

- Engelsk skriftleg /munnleg trekkfag
- Samfunnsfag munnleg trekkfag
- Matematikk skriftleg /munnleg trekkfag (vg2 – nivå). Vil telle som skriftleg trekk på vg3
- Naturfag munnleg trekkfag (vg2 – nivå)

Eksamensordning:

- Norsk hovudmål obligatorisk og sidemål trekkfag

Norsk munnleg trekkfag

- Ein skriftleg eksamen, faget vert trekt (sjå matematikk vg2)
- Ein munnleg eksamen, faget vert trekt
- Tverrfagleg praktisk eksamen i programfag

Oppsummering

Skuleleiinga ved Nordahl Grieg vgs meinar med dette at NGV er godt eigna for å vidareføre studietilbodet som er skildra i denne søknaden. Skulen har i dag tilbod om både Helse- og oppvekst og Studiespesialiserande. Tilboda har høg fagleg kvalitet, skulen vektlegg fleirfagleg samarbeid, teknologi, IKT og forsking pregar skulen, personalet har vist stor kompetanse innan kreativitet og innovasjon. Alt dette er gode kvalitetar for å kunne etablere eit godt tilbod på Helse- og oppvekst som studieførebuande område.

Vi vonar med dette å kunne gje Hordaland fylkeskommune eit fagleg godt tilbod som vi trur vil vere attraktivt og bidra til endå større variasjon i fylket sitt utdanningstilbod.

Bergen, 1/12 - 2017



Leif Sigurd Danielsen
Nordahl Grieg vgs
Rektor